



Anders Vågset  
Solheimslia 203  
5983 Haugsvær

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/665 - 23/6337

Sakshandsamar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
30.06.2023

## Melding om retting av manglar i matrikkelen og adressering gbnr 45/1 og 45/2 Vågsetstølen

Matrikkelen er Noregs offisielle eigedomsregister og inneheldt informasjon om eigedomar, bygningar og adresser. Kartverket sender regelmessig rapportar frå matrikkelen med feil/manglar til kommunane. Det er registrert tre bygningar i kartet på Vågsetstølen.

Vågsetstølen ligg i eit område som manglar matrikkelnummer, det vil sei at området er registrert medmatrikelnummer 0/0. To av bygningane er registrert i matrikkelen som seterhus. For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, kan vi registrere ein fiktiv sirkeleigedom rundt bygningane. Bygningane manglar også adresse. Grunnen til dette, er at det ikkje er mogeleg å opprette adresse i matrikkelen på ein eigedom som manglar matrikelnummer.

Bygningane vart registrert i SEFRAK-registeret (register for faste kulturminne i Noreg) i 1977. Her går det fram kva eigedom kvart av dei to seterhusa tilhøyrer. For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, vert det registrert ein sirkeleigedom rundt kvart av seterhusa med bruksnummeret som går fram av SEFRAK-registeret. Dersom de likevel ser at det er registrert feil eigedom på seterhusa, ber vi om tilbakemelding på dette.


Tildeling av offisiell adresse er ein del av offentleg infrastruktur, der hovudføremålet er å gjera det lettast mogleg for ulike adressebrukarar å finna fram. Det går fram av adresseplanen at bygningane var tiltenkt adresse *Stordalsvegen 1382 og 1384*. Adressetildelinga vert no gjennomført i tråd med planlagt adressering.

### Melding om retting og melding om tildeling av offisiell adresse

**Det vert oppretta sirkeleigedomar for gbnr 45/1 og 45/2 for å markere eigar av seterhus som vist i skissa under. Seterhuset tilhøyrande gbnr 45/1 får tildelt adresse Stordalsvegen 1382. Seterhuset tilhøyrande gbnr 45/2 får tildelt adresse Stordalsvegen 1384.**

**Klage:**

Denne avgjerdsla er eit enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.



Kartutsnitt som viser området etter at matrikkelen/matrikkelkartet er retta

Eigedomane med endringane er også å finna på [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no)

Dersom de ønskjer å få retta matrikelnummer på eigedomane som no står registrert som gbnr 0/0, kan de sende krav om retting til kommunen. De finn meir informasjon om dette på Masfjorden kommune sine heimesider; [Masfjorden kommune - Retting av feil i matrikkelen / eigedomskartet](#)

Ta kontakt med meg på telefon 90619603 dersom de har merknader eller informasjon som gjeld rettinga/adresseringa.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Anders Vågset  
Tone Vågseth

Solheimslia 203  
Solheimslia 225

5983  
5983

Haugsvær  
Haugsvær